


R. 666 GANGVEG LANGS OSLOVEGEN

GRUNNUNDERSØKELSER GEOTEKNISK VURDERING



13. 9. 84
GEOTEKNISK SEKSJON
PLANKONTORET TRONDHEIM KOMMUNE

R.666 GANGVEG LANGS OSLOVEGEN

- INNLEIING:** Etter oppdrag frå Kommunalteknisk seksjon v/overing. Svein B. Vodahl har vi utført grunnundersøking i samband med bygging av gangveg langs Oslovegen.
- På det tidspunkt da vår seksjon vart engasjert, var anleggsarbeidet alt i gang. Formålet med undersøkinga var å avklare stabilitetsforholda ved to planlagte fyllingar like aust for Dorthealyst.
- Konklusjonen frå undersøkinga er tidligare gitt telefonisk til Statens Vegvesen som bygger vegen.
- MARKARBEID:** Markarbeidet vart utført den 6.7. og 9.7.84. Vi bora med dreiebor til ca 11 m og 16 m under terrenget i to punkt. Borpunkta er avmerka på situasjonskartet i bilag 1.
- Resultatet frå dreieboringane er framstilt på terrengprofila i bilag 2.
- I tillegg utførte ein prøvegraving i punkt 1. Prøvegropa vart inspisert, og en foretok kontrollboringar med inspeksjonsvingebor.
- GRUNNFORHOLD:** Dreieboringane tyder på at det er relativt fast leire minimum ned til boredjupna i skråninga mellom Oslovegen og Nidelva, aust for Dorthealyst. Dette er stadfesta ved prøvegravinga i punkt 1. Den udrenerte skjærstyrken i uforstyrta tilstand vart målt til minimum ca 60 kPa ned til ca 4 m under terrenget. Denne faste leira var imidlertid noe sensitiv, dvs. at den omrørte skjærstyrken var relativt låg (ca 6 kPa).
- Ein må karakterisere grunnforholda som gode når ein tek omsyn til dei relativt små terrengeingrepa som er planlagte.
- VURDERING:** Dei to aktuelle fyllingane skal ha ei helling ca lik 1:2. Dette tilsvarar i hovudsak stigninga i den naturlige skråninga mellom fyllingane.
- Da boringane tyder på at det ikkje er forekomster av blaut eller kvikk leire i grunnen under fyllingane, vil det vere forsvarlig å legge ut masse som planlagt.

Fyllingane er delvis bygde opp av leire, og det kan derfor vere ein viss fare for erosjon i overflata. Skråningane bør derfor dekkast til med matjord og isåast.

Fyllingane er no nesten ferdigbygde, og etter det vi kjenner til har det ikkje vori stabilitetsmessige problem under utlegginga av massane.

PLANKONTORET
Geoteknisk seksjon

Leif I. Finborud
Leif I. Finborud

Erling Romstad
Erling Romstad



ETTER ASPLAN'S TEGN.NR. 5682, C1

GANGVEG LANGS OSLOVEGEN

Situasjonskart

- Dreieboring
- ⊠ Prøvegrop med vingebooring

TRONDHEIM KOMMUNE
GEOTEKNISK SEKSJON

MÅLESTOKK:

1:1000

TEGN. AV:

E.R.

DATO:

7.9..84


KONTR.:

RAPP. NR.:


666

BILAG:

1



PROFIL 202



PROFIL 280

**GANGVEG LANGS
OSLOVEGEN**

Profil med dreiebor- og
prøvegravingsresultater

PROFIL 202 OG 280

TRONDHEIM KOMMUNE
GEOTEKNISK SEKSJON

MALESTOKK:
1 : 200

TEGN. AV:

K. T.

DATO:

11. 9. 84

KONTR.:

RAPP. NR.:

666

BILAG:

2